

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å forklara kva ei novelle er, og kva for kjenneteikn som er typiske for noveller</li> <li>• Å lesa mellom linjene og tolka ei novelle</li> <li>• Bruka fagspråk og argumentera sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema</li> </ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reading, writing and speaking about people who have changed the world for the better</li> <li>• Using present and past continuous</li> <li>• Recognizing and using formal and informal language</li> </ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læringsmåla står på målarket til terminprøven. Målarket ligg på ON.</li> </ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Diskutera årsakar til at europearane erobra nesten heile Afrika i perioden 1870-1914.</li> <li>• Fortelja om nokre konsekvensar koloniseringa fekk for ulike land i Afrika.</li> <li>• Forklara nokre samanhengar mellom koloniseringa i 1870-1914, og situasjonen i verda i dag</li> <li>• Diskuter om tankar og haldningar frå kolonitida framleis eksisterer i dag.</li> </ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og arbeide med sentrale trekk ved kristendommen, slik det blir formidla gjennom evangelia i Det nye testamentet</li> <li>• Bli kjent med og vurderer ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne</li> <li>• Kunna forklara forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet</li> <li>• Reflektera kring etikken i samband med forteljingane om Jesus i evangelia</li> </ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beskriva nervesystemet og forklara korleis nervesignal blir overført frå ei celle til den neste</li> <li>• Beskriva funksjonen til nokre hormon og kvar dei blir danna</li> <li>• Beskriva likskapar og skilnadar mellom nerve- og hormonsystemet</li> <li>• Gje døme på nokre sjukdommar i nerve- og hormonsystemet</li> </ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Repetisjon av futurumsforma.</li> <li>• Litt om juletradisjonar i Spania og Colombia</li> <li>• Refleksive verb og å snakke om daglig rutine på spansk</li> </ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna ha ei samtale på tysk, munnleg vurdering</li> <li>• Snakka om juletradisjonar i tysktalanda land</li> <li>• Auka ordforråd, jobbe med uttale, intonasjon og grammatikk</li> </ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka engelsk munnleg og skriftleg</li> <li>• Skapa ulike typar munnlege og skriftlege tekstar</li> <li>• Utforska og presentera innhald, form og formål i spel, film og musikk</li> </ul>
Arbeidslivsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dokumentera og presentera eige arbeid ved hjelp av digitale verktøy</li> <li>• Beskriva fleire aspekt ved ei bedrift</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reflektera over eige arbeid og arbeidsinnsats</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom dans, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre</li> <li>• Øve på og gjennomføre danseaktivitetar frå ungdomskulturar og andre kulturar, og saman med medelevar skape og presentere dansekomposisjonar</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna laga musikk/lydbilete, og deretter få eige lydspor til å fungera til filmklipp</li> </ul>
<b>Mat og Helse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gjer grunnlag for god helse</li> <li>• Bruka sansane til å vurdere kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat</li> <li>• laga mat frå norsk kultur og samanlikna og utforska råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra om rekneskap</li> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Me avspaserer økta på måndag 18.12 i veke 51.</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og gjennomføra varierte aktivitetar, åleine og saman med andre</li> <li>• planleggja, gjennomføra og vurdere eigentrening over ein periode og nytta digitale reiskapar i arbeidet</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere val av utstyr og bekledning</li> <li>• Forstå og nytte teknikkar knytta til bål og utstyr</li> </ul>
<b>Innsats for andre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføra praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre</li> <li>• Følga etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgrupper</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø, relasjonsbygging og julekos</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Hei Verden

9.trinn skal gå med bøsser for å samla inn pengar til Hei verden. Datoen for å gå med bøsser vart flytta fordi det kolliderte med konfirmasjonsundervisning. Me skal ha ei pengeinnsamling 6.12 frå kl 17 - 19. Då skal elevane møta på skulen og gå med bøsser. Lærarane har fordelt elevane i grupper og tildelt ulike roder elevane skal gå. Elevar som bur på Hognestad vil få tildelt bøssene på slutten av skuledagen slik at dei kan byrja med innsamling med ein gong. Alle elevane møter tilbake på skulen og vil få bollar.

### Jul på BUS

Då har me kome til desember månad, og me markerer det litt på BUS. Me har fagleg trykk heilt fram til jul, men me prøver å kosa oss litt inni mellom. Alle klassane skal pynta eit vindauge i klasserommet, så vil Elsa og Elisabeth D premiera beste vindauge. 14.

Desember skal det vera julegudsteneste. Det er viktig at føresette går inn på Visma og registrerer samtykke.

I veke 51 vil det berre bli delt ei vekeoversikt og ikkje vekeplan. Siste skuledag før jul er onsdag 20. Desember.

### Vurderingar

Det vil vera tysk munnleg vurdering i fagtimane i veke 49. Elevane som har arbeidslivsfag skal ha munnleg framføring i veke 49 og 50. Tysdag 12.12 skal dei ha terminprøve i matematikk.

Helsing oss på 9.trinn

HEIMEARBEID VEKE 49	
<b>Norsk</b>	De skal laga ein podcast der de snakkar om/analyserer ei novelle. De skal jobba i lag to eller tre stykk. Dette vil me jobba med i timane, og de vil få meir informasjon om oppgåva og fristar av norsklærar.
<b>Engelsk</b>	Work on your speech which should be delivered on Teams. Read the task description on OneNote carefully. No homework when you have done this.
<b>Matematikk</b>	Førebu deg til terminprøven som skal vere 12. desember. Sjå målark og tips til oppgåver på OneNote.
<b>Samfunnsfag</b>	Les " <a href="#">Europearane delte Afrika mellom seg</a> " på aunivers. Skriv svara på OneNote. <ol style="list-style-type: none"><li>1. Kva er Suezkanalen og er Suezkanalen viktig i dag? Grunngje svaret ditt.</li><li>2. Skriv et avsnitt der du reflekterer kring Berlinkonferansen i 1884-85. Kva skjedde? Kvifor skjedde dette? Kva var årsakene til at det skjedde? Kva konsekvensar fekk konferansen?</li></ol>
<b>KRLE</b>	Les " <a href="#">Evangeliet etter Lukas – jesu liv og lære</a> " fram til Gandhi-sitatet. Nemn to moglege årsaker til ordtaket: «Ingen blir profet i egen by» + gjer oppgåve 1,2,3 og 4 «Finn svaret»
<b>Naturfag</b>	Gjer oppgåve 4 og 5 side 114. Skriv inn på heimearbeid, veke 49 på ON.
<b>Spansk</b>	Les Gente s. 57 og spill det inn. Innspillingen leveres på Teams (Kristian) eller ON (Gonzalo)
<b>Tysk</b>	Munnleg vurdering tysdag ov torsdag
<b>Eng fordj</b>	Read p. 108-110 (OnTheMove) and do the quick ones and learn the new words p. 110 Dictation on Thursday (ON)
<b>Arbeidslivsfag</b>	Du skal vera klar til å presentera 5.desember. Oversikt over når du skal presentera blir skrive i teamsgruppa.
<b>Kroppsøving</b>	Dans og/eller basis. Dei klassane som er ferdige med dans skal trene styrke og uthald fram mot jul. Ver førebudd på å verte sliten!
<b>Musikk</b>	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar krev, må du jobbe heime for å henge med. Klassane har ikkje kome like langt, så følg med. Nokon startar med framføring denne veka.
<b>Mat og Helse</b>	<b>På kjøkkenet:</b> Hugs innesko og strikk til håret Me skal laga:

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fiskesuppe(eige ark)</li> <li>• Wraps med laks og couscous s 51</li> <li>• Urtebrød</li> <li>• Bollar</li> </ul> <p><b>Teori:</b></p> <p>Berekraftig mat og matproduksjon: Kap 8+9</p>
<b>Kantine</b>	Produksjon
<b>Fys.ak.</b>	Legg opplegg for eigentreninga på ON. Hugs god dokumentasjon frå økta, og skriv kort korleis økta gjekk.
<b>Friluftsliv</b>	Bålkos – siste gong før jul. Møt i atriët, bak skulen. Ha med varme klede som tåler å vere i nærleiken av bål. Ha gjerne med: sitjeunderlag, ein vedkubbe, grillpinne, litt pinnebrød-deig, ein turkopp og ein pose «Rett i koppen» kakao.
<b>Innsats for andre</b>	Skriv logg (ON) etter kvar jobbdag.

<b>HEIMEARBEID VEKE 50</b>	
<b>Elevbedrift (utdannings-val)</b>	Før jul må alle bedriftene ha solgt ut varelageret, fått godkjendt rekneskapet av mattelærar, og deretter levert rekneskap og betalt skatt hjå rådgjevar.
<b>Engelsk</b>	Write a paragraph or two where you reflect upon Christmas. Do this based on the pictures displayed on OneNote-Homework, as well as the topic «Making a Difference» in mind.
<b>Matematikk</b>	Førebu deg til terminprøven som skal vere 12. desember. Sjå målark og tips til oppgåver på OneNote.
<b>Samfunnsfag</b>	Les " <a href="#">Kvifor koloniserte europearane Afrika?</a> " på aunivers. Når me skal forklara kvifor europearane tok så mange koloniar i Afrika i perioden 1870–1914, snakkar me gjerne om føresetnader og motiv. Føresetnadene er det som gjorde det mogleg, mens motiva handlar om kvifor dei ønskte å gjere det. På OneNote finn du 12 forklaringar, du skal plassere dei inn i den kolonna du meiner den høyrer heime i skjemaet.
<b>KRLE</b>	Les " <a href="#">Evangeliet etter Lukas – jesu liv og lære</a> " frå og med Gandhisitatet. Gjer oppgåve 7 og 11 «Finn svaret» + oppgåve 5 «Gå vidare»
<b>Naturfag</b>	Gjer oppgåve 9 og 10 side 115. Skriv inn på heimearbeid, veke 50 på ON.
<b>Spansk</b>	Gloseprøve om daglig rutine. Gloser finn du på Gente s. 52
<b>Tysk</b>	ON – Heimearbeid – Woche 50
<b>Eng fordj</b>	Read p. 118-120 (OnTheMove) and do the quick ones p. 120. Learn the new words p.119. Dictation on Thursday (ON)
<b>Arbeidslivs-fag</b>	Du skal vera klar til å presentera 5.desember. Oversikt over når du skal presentera blir skrive i teamsgruppa.
<b>Kroppsøving</b>	Dans og/eller basis. Dei klassane som er ferdige med dans skal trene styrke og uthald fram mot jul. Ver førebudd på å verte sliten!
<b>Musikk</b>	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar krev, må du jobbe heime for å henge med. Klassane har ikkje kome like langt, så følg med. Nokon er i gang med framføring.

<b>Mat og Helse</b>	Me startar utvask på kjøkkenet <b>Teori:</b> Berekraftig mat og matproduksjon: Kap 8+9
<b>Fys.ak.</b>	Sjekk Teams.
<b>Friluftsliv</b>	Avspasering frå valfag fram til jul.
<b>Innsats for andre</b>	Skriv logg (ON) etter kvar jobbdag.